



Til kyrkjebokføraren, kyrkjeverja  
- og andre som handsamar førespurnader om utmelding av Den norske kyrkja

## Om rutinar ved utmelding av Den norske kyrkja

I samband med at publikum har brukt nettstaden utmelding.no har Kyrkjerådet registrert eit behov for å klargjere rutinane for handsaming av førespurnader om utmelding.

Rutinane er fastlagde i § 9 i *Lov om trdomssamfunn og ymist anna*, i § 3 i *Kyrkjelova* og i *Forskrift om innmelding i og utmelding av Den norske kyrkja*.

Den som vil melde seg ut av eit registerført trussamfunn, må anten møte fram sjølv eller sende signert utmeldingsskjema til soknekontoret på bustaden.

Det er Kulturdepartementet som til ei kvar tid bestemmer korleis ein går fram ved inn- og utmelding i Den norske kyrkja, sjå *Kyrkjelova* §3. Kulturdepartementet har godkjent at utmelding av Den norske kyrkja òg kan skje ved e-post dersom ein legg ved eit inn-scanna dokument som er datert og underskrevet.

Men Kulturdepartementet har ikkje godkjent nokon form for ”elektronisk signatur” i denne samanheng. Dei signaturane som t.d. vert generert frå nettstaden utmelding.no, er dermed ikkje gyldige som signaturar.

Publikum får svar etter desse retningslinene ved kontakt med Kyrkjerådet. Kyrkjerådet oppmodar alle kyrkjebokførarar å følge dei same rutinane.

Samtidig minner vi om den viktige skilnaden på *utmelding* og *feilretting*. Sletting av personer som er feilaktig oppførte i Den norske kyrkja sitt medlemsregister, er ikkje å rekne som utmeldingar og krev difor ikkje noko utfylt utmeldingsskjema.

Det vert vidare vist til nettsida [www.kirken.no/medlem](http://www.kirken.no/medlem)

Oslo, 15. oktober 2014

Med venleg helsing

Jens-Petter Johnsen

Direktør

Trude Evenshaug

Kommunikasjonsdirektør